

Forskrift om skule- og feriedagar 2025-2026, Eidfjord kommune

Heimel: Fastsett av Eidfjord kommunestyre 10.februar 2025 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 14-1 andre ledd.

§ 1 Formål

Skule- og feriedagane skal planleggjast slik at eksamen og nasjonale prøver kan gjennomførast jmf. § 14-1

§ 2 Verkeområde

Forskrifta gjev informasjon om skule- og feriedagar elevane har skuleåret 2025-2026. Elevane har rett og plikt til å møta på skulen på de fastsette skuledagene.

Forskrifta gjeld for elevar ved grunnskulen og born i barnehagen, i Eidfjord kommune skuleåret 2025-2026.

§ 3 Tabell for skuleruta 2025-2026

Dato	Talet på skoledagar	Ferie/fri/merknad
August	12	11., 12. og 13. august: Planleggingsdagar (skule og barnehage) 14. august: Fyrste skuledag
September	22	
Oktober	18	6. oktober -10. oktober: Haustferie veke 41
November	19	10. november: Planleggingsdag (skule og barnehage)
Desember	15	22. desember - 2. januar: Juleferie
Januar	20	05. januar: Fyrste skuledag etter juleferie
Februar	15	23. februar-27. februar: Vinterferie veke 9
Mars	19	13. mars: Planleggingsdag (skule og barnhage)
April	18	30. mars - 06. april:

Dato	Talet på skoledagar	Ferie/fri/merknad
		Påskeferie veke 14
Mai	17	1. mai: Arbeidernes dag 14. mai: Kristi Himmelfartsdag 15. mai: Planleggingsdag 17. mai 25. mai: 2. pinsedag
Juni	15	19. Juni: Siste skuledag
<i>Sum skuledagar</i>	190	

§ 4 Lokale variasjonar

Hardanger og Voss kompetanseregion kjem med eit framlegg til skulerute. Kommunane i regionen blir einig om dei regionale planleggingsdagane og oppstart og avslutning av skuleåret. Fortrinnsvis bør kommunane i regionen bli einige om haust- og vinterferieveka også.

§ 5 Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft 01.08.2025

§ 6 Opphøyr

Denne forskrifta opphøyrer 31.juli 2025